



## MØTEINNKALLING

**Utvalg:** **Fellesnemnd for nye Volda kommune**  
**Møtestad:** **Klasserom, Ulvestad skule**  
**Dato:** **10.01.2019**  
**Tid:** **15:00**

Medlemmar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemmar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til dei respektive servicekontora i Hornindal og Volda.

Varamedlemmar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.



## SAKLISTE

**Saksnr.**

PS 1/19

**Sak**

**Godkjenning av innkalling og sakliste**

PS 2/19

**Godkjenning av møteprotokoll fra forrige møte**

PS 3/19

**Justering av helseforetaksgrense**

PS 4/19

**Høyring til Fellesnemnda - Samanslåing av Volda og Hornindal kommuner og regulering av bispedømegrense mellom Møre og Bjørgvin**

PS 5/19

**Ordførarkjede for nye Volda kommune**

PS 6/19

**Orienteringssaker**

OS 1/19

**Grafisk profil trinn 2 - val av retning**

OS 2/19

**Forslag om ny prosess til slagord for Nye Volda kommune**

OS 3/19

**Oppseiing av samarbeid om felles kommuneoverlege.**

OS 4/19

**Ekom-samband mellom Volda rådhus og Smia på Grodås**

OS 5/19

**Konkurranse - økonomisk utgreiing - grensejustering mellom Volda og Ørsta kommunar**

**PS 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 2/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Inger Lise Kaldhol Arkivsak nr.: 2018/2288  
Arkivkode: L34

---

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
3/19	Fellesnemnd for nye Volda kommune	10.01.2019

### JUSTERING AV HELSEFØRETAKGRENSE

#### **Administrasjonen si tilråding:**

Nye Volda kommune vil nytte Volda sjukehus som nær/akutt-sjukehus. Fylkestilknyting og kommunesamarbeid gjer at Volda sjukehus bør ligge under Helse Møre og Romsdal og Helse Midt-Norge også framover. Nye Volda ber derfor Helse Midt-Norge justere føretaksgrensa slik at Nye Volda blir ein del av Helse Midt Norge RHF.

#### **Vedleggsliste:**

Justering av helseforetaksgrenser som konsekvens av kommune- og regionreform – Nye Volda kommune

Sak 112-18 Kommune og regionreform- konsekvenser for opptaksområder for helseforetakene

#### **Samandrag av saka:**

Styret i Helse Midt-Norge har gitt administrasjonen i føretaket i oppdrag å legge fram ei sak for styret om eventuelle endringar i føretaksgrensene som følge av kommunereforma. I samband med dette blir dei aktuelle kommunane invitert til å medverke i avgjerdta.

I Nye Volda kommune ligg Volda sjukehus. Volda sjukehus ligg under Helse Møre og Romsdal og Helse Midt Norge RHF. Kortast mogleg reiseveg for innbyggjarane, kommunesamarbeid og intensjonsavtalen mellom kommunane gjer at Volda sjukehus bør vere nær/akutt-sjukehuset for Nye Volda og framleis tilhøyrer Helse Midt-Norge RHF.

#### **Saksopplysningar/fakta:**

Styret i Helse Midt-Norge har gitt administrasjonen føretaket i oppdrag å legge fram ei sak for styret om eventuelle endringar i føretaksgrensene som følgje av kommunereforma. Saka skal til handsaming i styret i Helse Midt Norge RHF innan utgangen av juni. I samband med dette blir dei aktuelle kommunane invitert til å medverke i avgjerda. Sjå vedlegg.

Norge er delt i fire helseregionar. I kvar av dei har eit regionalt helseføretak eit ansvar for å sørge for at innbyggjarane får tilbod om spesialiserte helseteneste. Staten eig dei regionale helseføretaka. Helse Midt-Norge RHF har ansvar for innbyggjarane i Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag. Helse Vest RHF har ansvar for innbyggjarane i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

I Nye Volda kommune ligg Volda sjukehus. Volda sjukehus er i dag nær/akutt-sjukehus med akuttfunksjon i kirurgi og indremedisin. Sjukehuset har også fødetilbod. Volda sjukehus er nær/akutt-sjukehus for kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta. Volda kommune har i dag tett samarbeid med desse kommunane. Døme på samarbeid som er aktuelle for val av helseregiontilknyting er legevakt, Sjustjerna helse og omsorg, NAV, barnevern og IKT. Desse samarbeida er planlagt vidareført i Nye Volda.

Hornindal kommune har i dag Nordfjord sjukehus som nær/akutt-sjukehus. Nordfjord sjukehus høyrer til Helse Førde og Helse Vest RHF. Nordfjord sjukehus er eit sjukehus som har akuttfunksjon i indremedisin, men ikkje kirurgi eller fødetilbod. For akutte kirurgiske tilstandar og fødselshjelp skal innbyggjarane i Hornindal i dag få hjelp ved sjukehuset i Førde.

I intensjonsavtalen mellom Volda kommune og Hornindal kommune står det at den nye kommunen skal «Arbeide for at Volda sjukehus vert vidareutvikla som eit velfungerande lokalsjukehus med gode akuttfunksjonar, herunder akuttkirurgisk beredskap og fødeavdeling for regionen»

#### **Vurdering og konklusjon:**

Reiseveg og tilbod ved sjukehuset er viktig for innbyggjarane. Når det gjeld reiseveg har innbyggjarane i Hornindal i dag om lag like lang reiseveg til Nordfjord sjukehus som til Volda sjukehus. Reisevegen til Førde er lengre. Sjukehuset i Volda har eit breiare tilbod enn sjukehuset på Nordfjordeid. Det vil såleis ikkje vere eit tap for innbyggjarane i Hornindal å bytte nær/akutt-sjukehus med tanke på reiseveg og behandlingstilbod.

Helseføretaket ser det som ynskjeleg at føretaket skal ha eit heilskapleg ansvar for innbyggjarane i ei kommune. Det opplagte valet for Nye Volda er derfor at Volda sjukehus skal vere nær/akutt-sjukehuset for innbyggjarane i Nye Volda. Dette er i tråd med den vedtekne intensjonsavtalen og tek omsyn til fylkestilknyting og pågående kommunesamarbeid.

#### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Generelt har helsetenestetilbodet lite å seie for folkehelsa, men tilgang til naudsynte helsetenestar utan for lang reiseveg er positivt. Ingen kjente miljøkonsekvensar.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Ingen direkte økonomiske konsekvensar for Nye Volda kommune.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Det er ingen beredskapsmessige konsekvensar for Nye Volda kommune som er kjente. Helse Møre og Romsdal må vurdere om grensejusteringa får konsekvensar for drift av sjukehus eller prehospitalte tenestar.

**Utskrift av endelig vedtak:**

Helse Midt-Norge RHF

**Klageinstans:**

## Mottakere i henhold til liste

Vår ref.  
**2016/216 - 13105/2018**

Deres ref.

Saksbehandler  
**Sverre Bugge Midthjell,**

Dato  
**07.12.2018**

### Justering av helseforetaksgrenser som konsekvens av kommune- og regionreform

Styret i Helse Midt-Norge RHF vil i møte 13.12.2018 behandle vedlagte sak om justering av opptaksområder for helseforetak i Midt-Norge som konsekvens av kommune- og regionreformen.

Som det fremgår av saken foreslår administrasjonen at det settes i gang en involveringsprosess mot de aktuelle kommunene for å avklare spørsmålet om fremtidig foretakstilknytning.

I den sammenheng har vi ønske om et snarlig møte for å avklare status for de kommunale prosessene, aktuelle problemstillinger som bør vurderes, og skissere fremtidig prosess.

Vi vil ta kontakt per telefon i løpet av uke 50 for å beramme slikt møte.

Med vennlig hilsen

Kristian Onarheim  
Assisterende fagdirektør

Sverre Bugge Midthjell  
Seniorrådgiver

### Vedlegg:

1. Styresak 112/18 – Kommune- og regionreform – konsekvenser for opptaksområder for helseforetakene

**Adresseliste (mottakere av dette brev)**

Prosjektleder Heim kommune  
Prosjektleder nye Åfjord kommune  
Indre Fosen kommune  
Prosjektleder nye Volda kommune  
Rindal kommune

## HELSE MIDT-NORGE RHF

### STYRET

#### **Sak 112/18 Kommune- og regionreform – konsekvenser for opptaksområder for helseforetak**

**Saksbehandler** Sverre B. Midthjell

**Ansvarlig direktør** Nils Kvernmo

**Saksmappe** 18/18

**Dato for styremøte** 13. desember 2018

---

#### **Forslag til vedtak:**

1. Som en konsekvens av kommune- og regionreformen ber styret administrerende direktør komme med forslag om fremtidig foretakstilknytning for følgende kommuner:
  - a. Indre Fosen kommune
  - b. Nye Åfjord kommune
  - c. Rindal kommune
  - d. Heim kommune
  - e. Nye Volda kommune
2. Styret ber om at det gjøres en helhetlig vurdering av konsekvenser, der følgende premisser legges til grunn:
  - a. Ett helseforetak skal i størst mulig grad ha helhetsansvar for spesialisthelsetjenester til én kommune.
  - b. Berørte kommuner, helseforetak og ansatte skal involveres i prosessen.
  - c. Eventuelle behov for virksomhetsoverdragelse skal være gjenstand for formell drøfting i tråd med arbeidsmiljøloven før fremleggelse til beslutning.
  - d. Inntektsfordelingsmodell for Helse Midt-Norge skal fortsatt ligge til grunn. Det kan vurderes tidsbegrensede overgangsordninger dersom endringene gir betydelige økonomiske konsekvenser for et helseforetak.
  - e. Kommunenes ønsker, og hensynet til funksjonelle kommuneregioner bør tillegges vesentlig vekt.
  - f. Det må gjøres en helhetlig vurdering av konsekvensene for samlet aktivitet ved sykehusene.
3. Med bakgrunn i at sammenslåing av Indre Fosen kommune allerede er gjennomført ber styret om at sak om dette fremmes så snart som mulig. Sak om øvrige sammenslåinger bes fremmet som samlet sak innen utgangen av juni 2019, med sikte

på ikrafttreden fra 1.1.2020, med mindre dialogen med øvrige parter tilsier noe annet.

**Stjørdal 6. desember 2018**

**Stig A. Slørdahl**  
**Administrerende direktør**

## Nummererte vedlegg som følger saken

1. Brev fra HOD til KMD av 29.4.2016 om grenser for helseforetak ved sammenslåing av kommuner over fylkesgrenser.

## SAKENS HENSIKT

Flere kommunesammenslåinger i Midt-Norge skjer på tvers av dagens grenser mellom helseforetak. Dette gjør det nødvendig med en vurdering av opptaksområdene til sykehusforetakene i regionen. Etter som justering av opptaksområder for helseforetakene må behandles av styret i Helse Midt-Norge og forelegges foretaksmøtet er det naturlig at styret legger premisser for prosessen.

Denne saken avgrenses i første omgang til de generelle prinsippene som skal ligge til grunn, og det er derfor i saksfremlegget ikke en konkret gjennomgang av problemstillinger knyttet til den enkelte sammenslåing. Disse bør drøftes med kommuner, ansatte og helseforetak før de fremlegges for styret.

## HOVEDPUNKTER OG HELHETLIG DRØFTING

Tidligere Rissa og Leksvik kommuner ble slått sammen til Indre Fosen kommune fra 1.1.2018. En rekke andre kommuner i Midt-Norge blir slått sammen fra 1.1.2020, i tillegg til at det gjøres en justering av fylkesgrense mellom Trøndelag og Møre og Romsdal fra 1.1.2019.

Følgende endringer berører grensene mellom helseforetak:

- Rissa (STO) og Leksvik (HNT) slått sammen til Indre Fosen fra 1.1.2018
- Rindal kommune (STO/HMR) blir en del av Trøndelag fylke fra 1.1.2019
- Hemne (STO), Halsa (HMR) og deler av Snillfjord (STO) slås sammen til Heim kommune fra 1.1.2020
- Åfjord (STO) og Roan (HNT/STO) slås sammen til Nye Åfjord kommune fra 1.1.2020
- Volda (HMR) og Hornindal (Helse Vest) slås sammen til Nye Volda kommune fra 1.1.2020

## Konsekvenser for akuttberedskap

Av tekniske årsaker (ruting av nødanrop) kan én kommune kun være tilknyttet én AMK-sentral. Det er heller ikke en god løsning for akuttberedskapen på sikt at AMK-områder ikke samsvarer med helseforetakenes ansvar for ambulanseberedskap. Videre er det en fordel for akuttberedskapen at det er mest mulig samsvar mellom AMK-områder og opptaksområder for akuttsykehus for å forenkle kommunikasjonen i krisesituasjoner. Helhetlig ansvar for AMK, ambulanseressurser og akuttfunksjoner var også en intensjon ved overføring av ambulansene til helseforetakene. Dette forutsetter best mulig samsvar mellom områdene.

Sett fra perspektivet akuttberedskap og prehospital tjenester taler argumentene derfor klart for en samling av alle funksjoner i én kommune innenfor ett foretak. Det er også en styrke for kommunikasjonen i krisesituasjoner at én legevaktcentral i minst mulig grad må forholde seg til flere AMK-sentraler, noe som taler for at det er en fordel å samle legevaktområder under ett helseforetak.

Til sist er det behov for å vurdere konsekvensene for tilstrekkelig aktivitet for akuttfunksjonen ved tilhørende lokalsykehus ved endring av opptaksgrunnlaget.

### Konsekvenser for helseforetakenes økonomi

Helse Midt-Norge har en behovsbasert inntektsfordelingsmodell der bevilgninger gis ut fra beregnet behov knyttet til befolkningen i tilhørende kommuner. I de aktuelle kommunene er det betydelig pasientstrømmer over foretaksgrensene, blant annet knyttet til fritt behandlingsvalg og regionsykehusefunksjoner.

I inntektsfordelingsmodellen mellom helseforetakene i Midt-Norge kompenseres mottakende foretak fullt ut for overføringene knyttet til dette, både for basisfinansiering og DRG-poeng. Administrerende direktør legger til grunn at det ikke er ønskelig å svekke denne finansieringsmodellen.

Det skal i prinsippet være balanse mellom flytting av oppgaver og endringer i økonomien, men vi må anta et visst tap i investeringsevne og effektivitet av en redusert omsetning. Gitt de ansettelsesforhold og lokaler man har, vil også reduksjon i aktivitet som følge av redusert ansvar og bevilgninger forventes å ta noe tid. For Helse Nord-Trøndelag og Helse Møre og Romsdal som begge har utfordringer med å få balanse i driften vil selv moderate endringer kunne ha betydning.

Det kan derfor være hensiktsmessig og rimelig med en overgangsordning for helseforetakene dersom endringene får betydelige økonomiske konsekvenser. Av hensyn til å bevare inntektsfordelingsmodellen bør dette være tidsbegrenset.

### Konsekvenser for aktivitetsgrunnlag for sykehus

De foreslalte kommunesammenslåingene vil kunne gi netto endring av pasientgrunnlaget for sykehusene i Namsos, Levanger, det nye sykehuset for Nordmøre og Romsdal, St. Olavs hospital (Øya og Orkdal) og Volda.

Større grad av funksjonsfordeling mellom helseforetak, med en frigjøring av kapasitet i større sykehus til nødvendige høyspesialiserte funksjoner, er en intensjon i Nasjonal helse- og sykehusplan og i Regional utviklingsplan. I vår region gjelder dette særlig funksjonsfordeling mellom St. Olavs hospital på Øya og mindre sykehus i regionen. Alle helseforetakene understreker også denne intensjonen i sine høringsuttalelser til regional utviklingsplan. Netto overføring av ordinær aktivitet til St. Olavs hospital fra mindre sykehus er derfor i utgangspunktet ikke ønskelig, men er en sannsynlig konsekvens av flere av sammenslåingene.

Dersom konklusjonen på prosessen gir en betydelig overføring av aktivitet fra mindre sykehus til St. Olavs hospital bør det vurderes kompenserende tiltak. Realisering av eksisterende intensjoner om utflytting av elektive funksjoner fra St. Olavs hospital til øvrige sykehus bør i så fall vurderes. Dette er en prosess som antagelig vil ta noe mer tid enn en justering av opptaksgrenser, så det er neppe realistisk å konkretisere dette fullt ut før et eventuelt vedtak om nye grenser.

### Konsekvenser for kommunene og samhandling

Kommunene har et bredere samfunnsansvar for innbyggerne i sin kommune, og kommunenes argumenter for tilhørighet bør derfor tillegges vekt.

Sterke interkommunale samarbeid er en styrke for samhandlingen, og for mange kommuner en forutsetning for å kunne lykkes med å gi befolkningen en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste. For flere kommuneregioner er det et utstrakt samarbeid mellom interkommunale samarbeidsorganer og helseforetakene. KS, fylkeskommunen og flere av kommunene understreker i sine høringsuttalelser til regional utviklingsplan behovet for at foretaksgrensene tar hensyn til funksjonelle kommuneregioner. Størst mulig samsvar mellom regioner for kommunalt samarbeid og opptaksområder for helseforetak bør derfor være en prioritet.

Kommuneregionen Fosen (Nye Åfjord og Indre Fosen) og Orkdalsregionen (Heim, Rindal) vil bli betydelig berørt av de aktuelle endringene.

### **Konsekvenser for ansatte**

Justering av opptaksgrensene for kommuner med ambulansestasjon vil medføre behov for å overdra eksisterende ambulansestasjoner mellom helseforetak. Dette kan føre til at ansatte må skifte arbeidsgiver. Videre vil overføring av oppgaver mellom helseforetak føre til endring av opptaksgrunnlaget og det økonomiske grunnlaget for driften. Dette vil kunne medføre behov for nedbemanning i det foretaket som avgir oppgaver.

De ansatte har krav på tidlig involvering i prosessen dersom det blir behov for omorganisering, nedbemanning eller flytting av arbeidsplasser. Begge disse konsekvensene forutsetter at det gjennomføres drøftinger med de ansatte i tråd med arbeidsmiljølov og hovedavtale før en eventuell beslutning fattes.

### **Administrative konsekvenser**

Eventuell deling av en kommune mellom to opptaksområder har en del negative konsekvenser for administrativ effektivitet. De fleste offentlige datakilder har kommune som det laveste nivå for oppdeling av data. Dette medfører blant annet at det ikke finnes analysegrunnlag for å knytte behovsvurdering til deler av en kommune. Norsk pasientregister baseres også på kommunen som minste enhet, noe som medfører at all innsatsbasert finansiering i utgangspunktet tildeles ett helseforetak for én kommune. Eventuell videre deling må gjøres manuelt basert på bostedsadresser. For kommunene vil det å forholde seg til flere helseforetak også medføre dobbeltarbeid i forbindelse med samhandling.

Konsekvensene for administrativ effektivitet tilsier derfor også at deling av en kommune mellom to foretaksområder bør frarådes.

### **Fremdrift og involvering**

I følge brev fra helse- og omsorgsdepartementet skal endringer i helseforetakenes og sykehusenes opptaksområder vurderes konkret av regionale helseforetak og helseforetak. Kommuner, fylkeskommuner og organisasjoner som berøres skal gis anledning til å uttale seg. I tillegg må vi oppfylle hovedavtalens og arbeidsmiljølovens krav til involvering av de ansatte.

Vedtak må flettes i det regionale foretakets styre. Foretaksmøtet i det regionale helseforetaket (statsråden) skal fatte vedtak om vesentlige endringer i opptaksområdet for foretak, jf. helseforetaksloven § 30 første ledd nr. 6. Hvorvidt saken skal forelegges foretaksmøtet vil ikke ha vesentlig betydning for saksforberedelsen, men må endelig avklares før styrets sluttbehandling.

Indre Fosen kommune ble sammenslått 1.1.2018, og ba allerede i 2016 om en snarlig avklaring på spørsmålet om foretakstilknytning. Dette taler for at vi bør prioritere å fatte en beslutning om denne kommunen så snart som mulig. Øvrige kommuner slås sammen fra 1.1.2020, og det vil være en fordel om spørsmålet vedrørende disse er avklart i så god tid før dette at vedtaket kan få virkning administrativt fra samme dato.

Behovet for tidlig avklaring kan likevel ikke gå på bekostning av en god involveringsprosess. Hvor omfattende involveringen bør være kan først avklares når dialogen med kommuner, ansatte og helseforetak er i gang. Det kan derfor ikke settes en absolutt tidsfrist, men det bør tas sikte på en avklaring innen utgangen av juni 2019, eventuelt tidligere for Indre Fosen om det viser seg å være mulig.

#### **ADMINISTRERENDE DIREKTØRS ANBEFALING**

Administrerende direktør anbefaler at regionen etablerer generelle prinsipper for å vurdere endringer i opptaksområder som følge av endringer i kommunestruktur. Disse vil også kunne tjene som et forutsigbart grunnlag for fremtidige strukturendringer.

Samlet sett fremstår det, med hensyn på akuttberedskap, konsekvenser for samhandling og administrativ effektivitet som klart mest fordelaktig som hovedprinsipp at én kommune samles under ett helseforetak. Videre taler hensynet til funksjonelle kommuneregioner for at disse i størst mulig grad bør samles under ett helseforetak.

Konsekvensene for økonomi og opptaksgrunnlag dersom de mindre helseforetakene må avgive opptaksgrunnlag til St. Olavs hospital taler imot overføring i denne retningen. Dette hensynet må videre veies opp mot lokale forhold knyttet til kommunenesamarbeid, eksisterende pasientstrømmer og kommunenes ønsker på vegne av innbyggerne. Dersom konklusjonen blir at Helse Møre- og Romsdal eller Helse Nord-Trøndelag i betydelig grad må avgive virksomhet bør det vurderes å fremskynde uttrykte intensjoner om overføring av elektiv virksomhet motsatt vei.

Administrerende direktør anbefaler at styret slutter seg til at følgende generelle prinsipper skal legges til grunn:

- a. Ett helseforetak skal i størst mulig grad ha helhetsansvar for spesialisthelsetjenester til én kommune.
- b. Berørte kommuner, helseforetak og ansatte skal involveres i prosessen.
- c. Eventuelle behov for virksomhetsoverdragelse skal være gjenstand for formell drøfting i tråd med arbeidsmiljøloven før fremleggelse til beslutning.
- d. Inntektsfordelingsmodell for Helse Midt-Norge skal fortsatt ligge til grunn. Det kan vurderes tidsbegrensede overgangsordninger dersom endringene gir betydelige økonomiske konsekvenser for et helseforetak.

- e. Kommunenes ønsker, og hensynet til funksjonelle kommuneregioner bør tillegges vesentlig vekt.
- f. Det må gjøres en helhetlig vurdering av konsekvensene for samlet aktivitet ved sykehusene.

Basert på en helhetlig vurdering av disse prinsippene vil administrerende direktør innen utgangen av juni 2019 komme tilbake til styret med forslag til konkret foretakstilknytning for kommunene Indre Fosen, Nye Åfjord, Rindal, Heim og Nye Volda.



# SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal Arkivsak nr.: 2019/15  
Arkivkode: C81, &13

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
4/19	Fellesnemnd for nye Volda kommune	10.01.2019

# HØYRING TIL FELLESNEMNDA - SAMANSLÅING AV VOLDA OG HORNINDAL KOMMUNER OG REGULERING AV BISPEDØMEGRENSE MELLOM MØRE OG BJØRGVIN

## **Administrasjonen si tilråding:**

1. Fellesnemnda meiner at ein skal vidareføre praksis med at bispedømegrensene følger fylkesgrensene, og at bispedømegrensa vert endra i tråd med endring av fylkesgrensa.
  2. Som følgje av tilrådinga om at bispedømegrensa vert endra, vil det vere naturleg at også prostigrensene vert endra, slik at grensa mellom Nordfjord prosti og Søre Sunnmøre prosti også vert endra. Dette vil såleis bety at Hornindal etter 2020 vert del av Søre Sunnmøre prost, Møre bispedøme.
  3. Fellesnemnda legg elles til grunn at dei ressursar som Bjørgvin bispedøme i dag har i Hornindal, vert overført til Møre bispedøme, vidare at Hornindal sine ressursar i Nordfjord prosti vert overført til Søre Sunnmøre prosti. Dette for å sikre ei framleis gode kyrkjeleg teneste for innbyggjarane i Hornindal.

## **Vedleggsliste:**

1. Skriv frå Møre bispedømmeråd d.s. 06.12.2018 vedkomande Høyring - samanslåing av Volda og Hornindal kommunar og regulering av bispedømegrense mellom Møre og Bjørgvin
2. Kyrkjelova (<https://lovdata.no/lov/1996-06-07-31>)

## **Uprenta saksvedlegg:**

### **Bakgrunn for saka :**

01.01.2020 vert Hornindal kommune del av (nye) Volda kommune, og vert då del av Møre og Romsdal fylke. Dette får konsekvensar for fylkesgrensa og då også for grensa mellom Bjørgvin bispedøme og Møre bispedøme. Det vil også få konsekvensar for prostigrensene.

### **Saksopplysningar/fakta:**

Bjørgvin og Møre bispedømeråd førebur no sak knytt til justering av bispedømegrensa og har sendt saka over til høyring.

Volda kommune, Hornindal kommune er aktuell høyningsinstansar: Det er også Soknerådet i Hornindal, Fellesnemnda i nye Volda kommune, kyrkjeleg fellesnemnd i nye Volda med fleire.

Saka skal handsamast i Møre bispedømmeråd 8. februar og i Bjørgvin bispedømeråd 19. februar 2019 og i Kyrkjerådet 14. og 15. mars 2019. Dinest vert saka så sendt vidare til endeleg handsaming i Kulturdepartementet. Det vert lagt opp til at vedtak trer i kraft samstundes med kommunenesamanslåinga 01.01.2020.

P.g.a. høyningsfristen er det vanskeleg å få fram alle dei lokale fråsegnene før handsaminga i Fellesnemnda. Rådmannen vil samle dei ein har fått fram til møtet den 10. januar og legge dei fram på møtet (evt. ettersende).

## **Drøfting**

I høyningsbrevet vert ein beden om å ta stilling til følgjande:

- 1. Med bakgrunn i endringane av fylkesgrensene ber ein om synspunkt på følgjande:*
  - a) Skal bispedømet si grense følgje ny fylkesgrense? - eller*
  - b) Skal bispedømet si grense følgje tidlegare fylkesgrense?*

Fellesnemnda har tidlegare gjort prinsippvedtak om at «**retningsvalet for interkommunalt samarbeid om tenesteproduksjon skal vere søre Sunnmøre og Sunnmøre.**» Det vil såleis også vere naturleg å vidareføre praksis med at bispedømegrensene følgjer fylkesgrensene, og at bispedømegrensa vert endra i tråd med endring av fylkesgrensa. Dette er også det administrasjonen til Bjørgvin bispedømeråd innstiller på;

- at bispedømegrensa bør følgje den nye fylkesgrensa og at prostigrensa for Nordfjord prosti vert endra tilsvارande. Det betyr at Hornindal etter 2020 vil høyre til i Møre bispedøme og Søre Sunnmøre prosti.

*2. Dersom grensa for Bjørgvin bispedøme og Møre bispedømme blir endra slik at ho følgjer ny fylkesgrense, vil bispedømerådet foreslå tilsvarende endring i prostigrensa for Nordfjord prosti og Søre Sunnmøre prosti. Har høyningsinstansane andre forslag eller synspunkt?*

Som følgje av tilrådinga om at bispedømegrensa vert endra, vil det vere naturleg at også prostigrensene vert endra, slik at grensa mellom Nordfjord prosti og Søre Sunnmøre prosti også vert endra. Dette vil såleis bety at Hornindal etter 2020 vert del av Søre Sunnmøre prost, Møre bispedøme.

### *3. Andre kommentarar*

Med bakgrunn i tilrådingane ovanfor legg rådmannen til grunn at dei ressursane som Bjørgvin bispedøme i dag har i Hornindal, vert overført til Møre bispedøme, og vidare at Hornindal sine ressursar i Nordfjord prosti vert overført til Søre Sunnmøre prosti. Dette for å sikre ei framleis gode kyrkjeleg teneste for innbyggjarane i Hornindal.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Saka har ingen kjende økonomiske konsekvensar for den nye kommunen.



"Nye" Volda fellesnemnd

Dato: 06.12.2018

Vår ref: 18/03615-7

Dykkar ref:

## Høyring - samanslåing av Volda og Hornindal kommunar og regulering av bispedømegrense mellom Møre og Bjørgvin

Møre bispedømeråd gjorde i sak 41/18 vedtak om at forslag til endring av prosti og bispedømegrenser skal sendast på høyring til aktuelle høyningsinstansar etter at naudsynte vedtak er gjort av Storting, regjering, departement og fylkesting.

Vi er no komne så langt at høyningsbrevet kan sendast til høyningsinstansane.

Høyningsinstansane er sokneråd/fellesråd i Volda, Storfjorden sokneråd og Ørsta fellesråd, Volda kommune, kommunal og kyrkjeleg fellesnemnd i «nye» Volda, Møre og Romsdal fylke, prosten i Søre Sunnmøre prosti og arbeidstakarorganisasjonane. Sjå mottakarlista. Ein ber om at kyrkjeverja sender høyningsdokumentet vidare til sokneråd, fellesråd og til kyrkjeleg fellesnemnd. Alle som ønskjer kan gi høyningsuttale.

Vi ber høyningsinstansane om å svare på spørsmåla som er formulert i saksorienteringa som ligg ved. Høyningsuttalen skal sendast til [more.bdr@kirken.no](mailto:more.bdr@kirken.no) innan 18. januar. Møre bispedømeråd tek sikte på å handsame saka i møtet 8. februar.

### Saksorientering

#### Bakgrunn for saka

På bakgrunn av kommune- og regionreforma har Stortinget gjort formelle vedtak om endringar i kommunestrukturen i Møre og Romsdal. Det er gjort vedtak som får konsekvensar for grensene mellom Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane fylker.

I følgje Kyrkjelova § 5 skal det være eit kyrkjeleg organ på kommunenivå. Dette vil medføre at grensene for noverande fellesråd lyt justerast. De vedtekne endringane i kommunestrukturen og vedtak om grensereguleringer mellom fylka vil virke direkte inn på bispedømegrensa og på prostigrensene for Søre Sunnmøre prosti.

Endringane i kommunegrensene får konsekvensar for Volda frå 1/1 2020.

### **Endring av bispedømegrenser**

Bispedømerådet gjorde i sak 41/18 følgjande vedtak. «Møre Bispedømmeråd sender forslag til endring av prosti- og bispedømegrenser ut på høring til aktuelle høyningsinstanser etter at det er gjort nødvendige vedtak av Storting, regjering, departement og fylkesting.»

Med nye fylkesgrenser kan bispedømmegrenser i deler av landet komme til å gå på tvers av de nye fylkes- og regiongrensene. Med unntak for Oslo bispedøme, følger alle bispedøma i Noreg grensene for fylkesinndeling, og det er derfor på mange måtar naturleg at grensene mellom bispedøma blir justert slik at dei følger ny fylkesgrense.

Overføring av sokn i eit prosti i eit bispedøme til eit prosti i eit anna bispedøme er ein type grenseendring som framleis skal avgjera av Kulturdepartementet, jf. kyrkjelova § 2 femte ledd, jf. kgl. res. 7.juni 1996 nr. 528 (som legg mynde til å treffe avgjerd frå Kongen til departementet, jf. forskrifta over (under overskrift 3). Departementet vil ta stilling til om bispedømegrensa skal endrast etter gjennomført høyring og rådgivande vedtak i Kyrkjeråd og Bispedømeråd.

Når Hornindal kommune blir ein del av Møre og Romsdal fylke reiser spørsmålet seg om justering av bispedømegrensa mellom Møre og Bjørgvin bispedøme.

Denne høyringa gjeld berre regulering av bispedømegrensa mellom Møre og Bjørgvin. Møre bispedømeråd vil på eit seinare tidspunkt ta stilling til om prostiinndelinga skal endrast.

På bakgrunn av Bispedømerådets sitt vedtak formulerer administrasjonen høyningsbrev om justering av grensene for Møre bispedøme og Søre Sunnmøre prosti.

Høyrdokumentet vil bli sendt til følgjande involverte instansar i Møre bispedøme:

- Soknerådet i Storfjorden, Austefjord, Kilsfjord, Dalsfjord og Volda.
- Kyrkjeleg fellesråd i Volda og Ørsta
- Ørsta Kommune
- Volda kommune
- Fellesnemnda i «nye» Volda kommune
- Kyrkjeleg fellesnemnd i «nye» Volda fellesråd
- Møre og Romsdal fylke
- Prosten i Søre Sunnmøre
- Fagorganisasjonane i begge arbeidsgivarlinjer

### **Handsaming av høyringssvar**

Saksutreiing skal vurdere dei moment og synspunkt som kjem fram i høyringssvara. Før saka går til handsaming i bispedømerådet blir ho lagt fram i Kontaktmøtet og RAMU til drøfting. Protokoll frå disse møta skal følgje saka fram til endeleg handsaming i kyrkjerådet.

Det vil vere naturlig at vedtaket trer i kraft samstundes som Stortinget sitt vedtak i kommune- og regionreforma – 1. jan 2020.

### **Tidsplan**

5. desember: utsending av høyring
18. januar: Frist for innsending av høyringssvar
- Veke 4 eller 5 : Saka blir lagt fram i kontaktmøte
8. februar: Handsaming i bispedømerådetrådet

## Høyringsspørsmål

Dei spørsmål som er aktuelle for høyring er følgjande:

1. Med bakgrunn i endringane av regiongrensene ber ein om synspunkt på følgjande:
  - a) Skal bispedømet si grense følgje ny regiongrense? - eller
  - b) Skal bispedømet si grense følgje tidlegare fylkesgrense?
2. Dersom grensa for Møre bispedøme blir endra slik at ho følgjer ny regiongrense, vil bispedømerådet foreslå tilsvarende endring i prostigrensa for Søre Sunnmøre prosti. Har høyringsinstansane andre forslag eller synspunkt?
3. Andre kommentarar

Med helsing

Arvid Helle  
fung.stiftsdir.

*Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.*

Kopi til:

Prosten i Nordfjord

Pb 5

6771

NORDFJORDEID

Alle bispedømekontor,

Mottakarar:

Prosten i Søre Sunnmøre

Rådhusgata 6a

6100 VOLDA

Soknerådet i Volda, Kilsfjord, Dalsfjord og

Austefjord

Storfjorden sokneråd

"Nye" Volda kyrkjelege fellesnemnd

Volda kommune

"Nye" Volda fellesnemnd

Volda kyrkjelege fellesråd

Fylkeskommunen i Møre og Romsdal

Fagforbundet - TeoLOGene

Presteforeningen i Møre v/Stein Karstensen

Ørsta kommune

Fagforbundet

Parat

UNIO

Stortingsgata 2

0158 OSLO



# SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Joakim Rødven Arkivsak nr.: 2017/516  
Arkivkode: 033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/19	Fellesnemnd for nye Volda kommune	10.01.2019

# ORDFØRARKJEDE FOR NYE VOLDA KOMMUNE

## **Administrasjonen si tilråding:**

**Fellesnemnda tek stilling til Temakomiteen for nytt kommunenamn og heraldikk sitt framlegg til nytt ordførarkjede...**

## Vedleggsliste:

1. Notat om ordførarkjede for nye Volda kommune
  2. Framlegg til nytt ordførarkjede

## **Samandrag av saka:**

Hausten 2016 oppnemnde Fellesnemnda for nye Volda kommune Temakomiteen for nytt kommunenamn og heraldikk, som fekk delegert mandat til å jobbe med tre særskilde oppgåver:

1. Utarbeide nytt namn
  2. Utarbeide nytt kommunevåpen
  3. Utarbeide nytt ordførarkjede

Arbeidet med ordførarkjede starta opp januar i fjor, 2018, og vart ferdigstilt før jul same år. Komiteen ser føre seg å byggje på Hornindal kommune sitt eksisterande ordførarkjede, då komiteen vurderte denne kjeda som både estetisk og informativt er betre enn i ordførarkjeda for noverande Volda kommune.

### **Saksopplysningar/fakta:**

Fellesnemnda fekk i møte 6. desember presentert temakomiteens forslag til nytt ordførarkjede i eiga orienteringssak. På ordførarkjeda er det i alt 10 motiv, som representerer:

- bok
- båt
- fele
- fyr
- Honndalsrokken
- høvel
- idrett (hopp og fotball)
- Lisjetoren
- skulptur (frå Svor-museet)
- vevstol

### **Vurdering og konklusjon:**

Temakomiteen har teke utgangspunkt i symbol som kan representere både Hornindal og Volda i den nye kommunen. Heilskapen i ordførarkjeda gir ei god representasjon av mangfaldet i den nye kommunen.

Administrasjonen ønskjer å takke temakomiteen for godt arbeid i alle dei tre prosessane som komiteen har fått mandat til å utføre på vegne av den nye kommunen. Det har vore eit stort stykke arbeid med både namn, våpenskjold og ordførarkjede, og det har vore god dialog mellom komité og administrasjon gjennom verketida til komiteen.

Administrasjonen tilrår at framlegget til nytt ordførarkjede vert vedteken slik det går fram i vedlegg «*Framlegg til nytt ordførarkjede*».

### **Økonomiske konsekvensar:**

Temakomiteen har fått innvilga eit budsjett på kr. 300.000,- som dekke kostnadene til arbeidet med dei tre oppgåvene komiteen har fått mandat til å jobbe med.

### **Utskrift av endeleg vedtak:**

Leiar i temakomiteen for nytt kommunenamn og heraldikk, Jon Tvinnereim

Til Fellesnemnda for Nye Volda kommune

## Ordførarkjede for Nye Volda

Komitén for nytt kommunevåpen og heraldikk (heretter: Heraldikknemnda) fekk hausten 2016 i oppdrag å kome med forslag til Fellesnemnda om namn på den nye kommunen, nytt kommunevåpen og ny ordførarkjede. Forlag om nytt namn vart levert til Fellesnemnda etter møtet i Heraldikknemnda 18.05. 2017, og forslag til nytt kommunevåpen vart levert 16.11. 2017.

Arbeidet i Heraldikknemnda med ny ordførarkjede tok til i januar 2018. Alt på første møtet om dette, 16.04.2018, var det semje om at ordførarkjeda for Hornindal skulle vere mørnster for den nye kjeda. Argument for dette var at strukturen på denne kjeda både estetisk og informativt er betre enn i ordførarkjeda for noverande Volda kommune.

Ti motiv til medaljongane på den nye kjeda vart utpeika:

bok  
båt  
fele  
fyr  
Honndalsrokken  
høvel  
idrett (hopp og fotball)  
Lisjetoren  
skulptur (frå Svor-museet)  
vevstol

Heraldikknemnda sette også opp ei fordeling av dei ti motiva på den nye kjeda. Det var stor semje i nemnda både om motivval og plassering av medaljongane i kjeda. Frå folk utanfor nemnda har det kome få merknader og forslag. Eit lite unnatak er val av fjellmotiv frå Volda. Fjellmotivet frå Hornindal er Honndalsrokken.

Det har kome to forslag utanfrå til fjellmotiv i Volda på ordførarkjeda: Felden i Dalsfjorden og Rotsethornet i Volda sentrum. Nemnda har forslag om Lisjetoren i Bjørkedalen.

Komiteen sine argument for Lisjetoren var at fjellet er lett attkjennande og karakteristisk i formen. Det er eit av dei tre fjella i Volda som har gudenamn (guden Tor). Frøyhornet (guden Frøy) og Storetoren (guden Tor) er dei to andre. Lisjetoren vil etter Heraldikknemnda si vurdering billedmessig høve godt, saman med Honndalsrokken, som presentasjon av fjellområda i den nye kommunen. Lisjetoren er av mange vurderte som det vaksraste fjellet i Volda.

Det har vore semje i Heraldikknemnda om at bilde av eit fyr måtte vere motiv på den nye ordførarkjeda. Spørsmålet er om det bør vere *fyrtårn* eller *fyrlykt*. Etter å ha drøfta spørsmålet i fleire omgangar, landa nemnda på å foreslå fyrtårn. Det var ikkje heilt enkelt, for der er gode argument for å ha fyrlyktmotivet på ordførarkjeda. Det er fyrlykta som har vore mest brukt og er best kjend lokalt. Eit argument for fyrtårn er at det i denne samanhengen kanskje estetisk er vel så bra som fyrlykt, og at det er fyrtårnet som har vore hovudsymbol for fyrvæsenet i nasjonal samanheng. Som kjent var voldingar i fremste rekke i arbeidet med å byggje fyr langs kysten.

Etter oppmading frå Heraldikknemnda tok nemnmedlem Rolf Taraldset på seg å utarbeide konkret forslag til kjeda på bakgrunn av dei motiva som nemnda hadde valt. På bakgrunn av ei førebels skisse vart tre aktuelle bedrifter oppmoda om å melde frå om dei var interesserte i å produsere den nye

ordførarkjeda for Volda kommune. To av dei sa seg interesserte: Bergart Gullsmedverkstad AS, Nordfjordeid, og Truls Grønvold TG Design, Hønefoss. Desse to vil bli oppmoda om å kome med pristilbod.

Rolf Taraldset har teikna dei fleste medaljongmotiva på den nye ordførarkjeda. Han la på møtet i nemnda 26.11.-18 fram forslag med nokre alternativ som nemnt ovanfor.

Volda 03.12..2018

For Komitéen for nytt kommunevåpen og heraldikk

Jon Tvinnereim  
leiar



## **PS 6/19 Orienteringssaker**



# NOTAT

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd / Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/1875	152/2019	033	ADM/JOAROD	03.01.2019

## GRAFISK PROFIL TRINN 2 - VAL AV RETNING

I etterkant av møtet i Fellesnemnda 6. desember fekk Grafia Reklamebyrå tilsendt dei tilbakemeldingane som kom frå politikarane i samband med ny grafisk profil. Både før og etter jul har administrasjonen ved kommunikasjonsrådgjevar Joakim Rødven hatt dialog med Grafia på telefon/videosamtale for statusoppdatering i prosessen.

Dette har resultert i tre ulike alternativ til retningar, som Grafia har føreslått å jobbe vidare med. Desse retningane tek føre seg følgjande konsept:

1. Regionsenteret Volda – eit sentralt knutepunkt
2. Regionsenteret Volda – der tradisjon og teknologi møtest
3. Digitale Volda – der teknologi og tradisjon møtest

Forsлага til konsepta, som ligg vedlagt, er ikkje endelige produkt, men eit mellombels utkast. Grafia vil møte i Fellesnemnda 10. januar for å orientere om retningane dei har utarbeidd og svare på eventuelle spørsmål som Fellesnemnda måtte ha til dei tre forslaga. Det alternativet som Fellesnemnda ønskjer å gå vidare med vil Grafia ta jobbe vidare med, og ta med seg dei tilbakemeldingane som kjem fram på møtet i ferdigstillinga av det endelige produktet.

### Vedleggsliste

1. Forslag til retning for ny grafisk profil

Joakim Rødven  
Kommunikasjonsrådgjevar  
Volda kommune

## Profibeskrivelse Volda

Justert profibeskrivelse etter innspill fra fellesnemnda 06.12.18

### Verdier:

**Vedtatt verdier (gamle Volda) :**  
RAUS - MODIG - KOMPETENT - LÆRANDE

**Vedtatt satsingsområder:**  
SYSELSETTING - DIGITALISERING - INTERN KOMPETANSEUTVIKLING

### Egenskaper:

#### NATUR - KULTUR - TURISME - UTDANNING - KNUTEPUNKT

Jordnære og omgjengelige folk  
Mangfold med både jordbruks, utdannings, industri og reiseliv  
Kontraster med ny teknologisk industri og tradisjonsrik jordbruk  
God utsikt for friluftsliv og idrett, både sommer og vinter  
Knutepunkt geografi med korte avstander og muligheter til mange områder  
Flinke til å vare på tradisjoner i samspill med ny utvikling/teknologi  
Begrepet Bygdеприде oppsto i Volda  
Høgskole bla kjenn for lærerutdanning og medieutdanning  
Sykehus for regionen

### Mål:

Å bli et regionalt sentr for Søre Sunnmøre  
Å bli et knutepunkt der nytt og gammelt møtes  
Å bli en attraktiv kommune for næringsliv og potensielle nye innbyggere

### Ønsket profil:

Volda - et sentralt midtpunkt og regionalt sentr på Søre Sunnmøre  
Volda - et offentlig knutepunkt med både høgskole og sykehus  
Volda - et knutepunkt der nytt og gammelt møtes  
Volda - der tradisjoner og ny teknologi går hand i hånd

### Målgrupper:

Næringslivet  
Tilhørende  
Egne innbyggere og tilsette  
Stat og myndigheter  
Studenter  
Turister

**Retning 1**

**Regionsenteret Volda – eit sentralt knutepunkt**

**Retning 2**

**Regionsenteret Volda – der tradisjon og teknologi møtest**

**Retning 3**

**Digitale Volda – der teknologi og tradisjon møtest**

Retning 1



## Regionssenteret Volda

– eit sentralt knutepunkt

## **Regionsenter-symbol**

I denne retninga tek Volda eier-skap til omgrepet «regionsenter» for Søre Sunnmøre.

### ***Eit sentralt knutepunkt***



## **Symbolikk**

Eit viktig senter/knutepunkt, symbolisert med sirklar.

Gravitasjon (trekker til seg innflyttere/næringer/ offentlege oppgåver)

Blekldråper (pennesplitt)



## Fargealternativ – Volda sin hovudfarge

Regionsenteret Volda

Eit sentralt  
knutepunkt



Regionsenteret Volda

Eit sentralt  
knutepunkt



Regionsenteret Volda

Eit sentralt  
knutepunkt



## Fargar og ikon

Kvar hovudområde har sin farge og sitt ikon, med element frå hovudsymbolet.



Oppvekst



Samfunnsutvikling




## Font

pennesplitt (tradisjon)


Årsrapport 2019

## *Infrastruktur vest*




## *Barnehagar og skular*

Årsrapport 2019



## Fargealternativ

Helse og omsorg



Volda  
kommune

Samfunnsutvikling



Volda  
kommune


Oppvekst



Volda  
kommune

Regionsenteret Volda

## *Eit sentralt knotepunkt*



# Powerpoint

Dømet viser mal avd. oppvekst

## Overskrift

### Mellomittel

Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur

### Mellomittel

Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur

### Mellomittel

Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur





*helse og omsorg*



*oppvekst*



*samfunnsutvikling*



*skogbruk*



*jordbruk*



*fiske*

## Retning 2



# Regionssenteret Volda

– der tradisjon og teknologi møtest

## Der tradisjon og teknologi møtest


I denne retninga vert framheva Volda sine tradisjonar (kultur-mønster), i samspill med ny teknologi og digitalisering – representert ved pikslar.



Kulturmønsteret er ikkje tilfeldig, med tre pikstar som dannar V for Volda.

## Regionsenteret Volda

## Helse og omsorg



Ikonar

- pikslar

Font

- pennespilt
  - tradisjon

## Mønster

- pikslar
  - strikkemønster
  - tradisjon
  - V for Volda



Oppvekst



Samfunnsutvikling





Volda  
kommune

## Fargealternativ

### Helse og omsorg




Volda  
kommune

### Oppvekst



Volda  
kommune

### Samfunnsutvikling




Volda  
kommune

Regionsenteret Volda



## Der tradisjon og teknologi møtest



# Overskrift

## Mellomittel

Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur

## Mellomittel

Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur

## Mellomittel

Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur



## Retning 3



# Digitale Volda



– der teknologi og tradisjon møtest

## Der teknologi og tradisjon møtest

I denne retninga vert framheva

Volda satsinga si på digitalisering  
– ved pikslane. Samstundes kan

pikslane tolkaast som eit kultur-  
/strikkemønster.



## Ikonar

- pikslar

## Font

- pennespitt
- tradisjon

## Mønster/layout


- pikslar
- kulturmønster (utsnitt)
- tradisjon



## Oppvekst



## Samfunns-utvikling



Volda  
kommune

# Overskrift

## Mellomtittel

*Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur*

## Mellomtittel

*Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur*

## Mellomtittel

*Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur*


## Forslag på fargepalett

Døme på fargar i retningane er  
henta frå denne paletten

Hovudfarge



eller



Støttefargar/  
fagar hovudområde





## Forslag på font

Inspirert av pennesplitten

### Hovudfont – Sirba

---

abcdefghijklmnoprstuvwxyzæøå  
123456789 (!?@)#\$%&

---

### Standardfont – Times

---

abcdefghijklmnoprstuvwxyzæøå  
123456789 (!?@)#\$%&

---

abcdefghijklmnoprstuvwxyzæøå  
123456789 (!?@)#\$%&

Fra: Iversen, Arild Johannes[Arild.Johannes.Iversen@helse-mr.no]

Sendt: 13.12.2018 08:30:52

Til: Postmottak Volda; post@hornindal.kommune.no

Kopi: Jørgen Amdam; Rune Sjurgard

Tittel: Slagord for Nye Volda kommune

---

Eg har fått med meg at konkurransen for kommuneslagord er avlyst grunna manglende interesse. Dessverre deltok eg ikkje med forslag i den utlyste konkurransen

Slik eg ser det, vil eit godt slagord for den nye kommunen kunne ha betydning internt i den nye organisasjonen som identitesbyggar og dermed ein samlande faktor. Men også eksternt vil eit treffande slagord formidle ei fortelling om kven vi er, kvar vi kjem frå å kva vi ynskjer å utvikle oss mot.

I mi tid som ordførar i Volda, tok eg initiativ overfor rådmann og også til drøfting politisk at vi skulle kome fram til eit kommuneslagord. Mitt forslag til slikt slagord var då: MOT RIKARE MÅL.

Konklusjonen den gongen var at ein måtte utvikle dette i ein medverkande prosess og sjå det i samanheng med eventuelle endringar i samband med kommunereformen. Deretter vart det ikkje arbeidd vidare med saka i mine år som ordførar, men eg brukte det ved fleire høve både muntleg og skriftleg i ulike samanhengar.

Den første som nemnde dette konkrete forslaget til eit kommuneslagord for Volda for meg var tidlegare ordførar Ragnhild Aarflot Kalland. Det var soleis ho som slik eg oppfatta det hadde den opprinnelige tanken som eg seinare arbeidde vidare med.

MOT RIKARE MÅL kjem frå voldingen Anders Vassbotn (1868-1944) sin landskjende song Å leva det er å elska. Ei stofe der lyder slik: *Å leva det er i arbeid mot rikare mål å trå*

MOT RIKARE MÅL har dermed attkjenningseffekt til ein song som svært mange over heile landet kan. Vi kan med fordel gjennom eit kommuneslagord knyte diktaren til og songen til vårt område som del av vår identitet. At diktaren og stortingsmannen Anders Vassbotn også vert knytt til orda styrker den historiske referansen til Volda.

MOT RIKARE MÅL peikar framover mot nye mål for utvikling. Ordet rikare vert slik eg ser det ikkje einsidig knytt til materiell rikdom, snarare til ei meir overordna rikare utvikling også mot ikkje materielle mål med utvikling innan kunnskap, kompetanse og kultur som er viktige ingrediensar i det biletet mange har av Volda. Kultur er også eit særlig kjenneteikn ved Hornindal. Det høyrer og med til histoira at Anders Vassbotn gjekk eitt år på folkehøgskule i Hornindal. Allkunne skriv at opphaldet i Hornindal knytte han sterke til norskdomsrørsla, og var dermed med på å forme den unge Anders Vassbotn.

Sidan prosessen med kommuneslagord no er avlyst og kanskje nullstilt, håper eg fellesnemnda for Nye Volda vil vurdere dette initiativet som eit alternativ til å starte nye prosessar på eit seinare tidspunkt.

Venleg helsing

Arild Iversen



# VOLDA KOMMUNE

## Sektor helse og omsorg

ØRSTA KOMMUNE  
Dalevegen 6

6153 ØRSTA

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2012/2162	17879/2018	000	HEO/ SVERUS	20.12.2018

### OPPSEIING AV SAMARBEID OM FELLES KOMMUNE OVERLEGE.

Viser til inngått samarbeidsavtale mellom Ørsta kommune og Volda kommune om felles kommuneoverlege.

Som kjent skal Hornindal og Volda slåast saman til ein kommune med verknad frå 01.01.20. Søre Sunnmøre er valt som retningsval for interkommunale samarbeid. Dette inneber at dei fleste samarbeida held fram, og det er teke stilling til at Ørsta framleis vert vertskommune for Nav og landbruk.

I løpet av 2019 skal organisering og harmonesering av tenestene på alle sektorområde avklara. Helse- og omsorgssektoren er den mest utfordrande, og kommunane har i dag sine eigne tenester, og når desse skal samkøyrast til ei teneste må ein tenke heilskap og nye løysingar kan også verte valt på enkelte område. Kommuneoverlegefunksjonen vil også måtte gåast gjennom, der denne vert sett i samanheng med den totale tenesta i den nye kommunen. Avhengig av kva løysing som vert valt for organisering, kan det kome til å innebere endring som gjer at ein må seie opp avtalen med Ørsta kommune. Så tidleg som råd i 2019 vil vi gjere nødvendige avklaringar på om kommunane kan samarbeide om funksjonen vidare gjennom ei reforhandling eller om kommunane må ha eigne ordningar for denne funksjonen.

I den inngåtte samarbeidsavtale går det fram at det er eitt års skriftleg varsel for å seie opp avtalen. Avtalen er herved oppsagt, med verknad frå 01.01.2020.

Med helsing

Rune Sjurgard  
Rådmann

Svein Berg-Rusten  
Helse- og omsorgssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi: Fellesnemnda

Postadresse:  
Stormyra 2  
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no  
Telefon:  
70054003

www.volda.kommune.no  
Org. nr.: 939 760 946  
Bankgiro: 3991.07.81727





## NOTAT

**Til:** Fellesnemnda for nye Volda kommune  
**Frå:** Rune Sjurgard/Edvin Løfoll

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd / Sakshandsamar	Dato
2017/1875	17774/2018	033	VEG/EDVLOF	19.12.2018

### EKOM-SAMBAND MELLOM VOLDA RÅDHUS OG SMIA PÅ GRODÅS

Volda kommune har i lengre tid arbeida for å få til eit ekom samband (breiband) mellom Volda rådhus og Smia på Grodås. Sambandet er planlagt bygd med singelmodus fiber kabel.

Vi har samarbeida med Statens vegvesen (SVV) vedkomande rør og føringsvegar, noko som har resultert i ein avtale som begge partar er tente med (sjå vedlegg).

Dette anlegget vil gje samband mellom lokasjonane som er kostnadsfritt i form av framtidig leige for Volda kommune. Men i tillegg vil det gjere det mogeleg å bygge ut «fiber til heimen» (FTH) langs strekninga ein passerer. Det vil kunne gje innbyggjarane i Volda langs strekninga eit langt betre breibands tilbod enn det som er tilfelle i dag. Mest truleg ville det ikkje vere realistisk utan ei slik utbygging vi no legg opp til.

Vidare vil denne utbygginga gjere Volda kommune i stand til å tilby andre aktørar plass i dette sambandet/nettet, ved å «byte plass i framføringsvegar» med andre kommunar for å kunne dekkje FTH-ønska andre stadar i Volda. Til dømes vil vi kunne byte med Vanylven kommune og med dette få framføringsveg til Lauvstad og Dravlaus området. Utbygginga vil med andre ord gje store synergiar både for Volda kommune, innbyggjarane, samt andre kommunar og aktørar.

Samarbeidet med SVV har vore svært viktig, då det vil redusere monaleg på kostnader og gje begge partar eit ekom nett med høg kvalitet. Anlegget vil vere om lag 38500m mellom dei 2 lokasjonane. Utbygginga er kostnadsrekna til om lag kr 6mill, (+/- 0,5mill) med noko usikkerheit knytt til kvalitet på rør anlegget som ligg der i dag. FTH utbygginga vil kom i tillegg og må gjennomførast av ein kommersiell aktør.

Framdriftsplanen er noko usikker og har blitt justert fleire gongar grunna tvil om kvalitet på rør infrastrukturen som SVV eig i dag. Her har det starta eit arbeid for å kartlegge rør mellom kummar langs E39. I tillegg vil anlegget vere avhengig av ny rørføring gjennom Rotsethorn

tunellen, noko som ikkje er ferdig før til sommaren. Målsettinga er at sambandet skal vere på plass i god tid før jula 2019.

Volda 19.12.2018

Edvin Løfoll  
Avd.leiar veg og park

Avtale mellom  
Statens vegvesen (SVV)  
og  
nye Volda kommune (VK)  
om bygging av separate ekom nett og felles bruk av rør infrastruktur  
mellanom  
Volda og Grodås

## 1. BAKGRUNN OG FORMÅL

Volda kommune (VK) har vedteke å slå seg sammen med Hornindal kommune. Samanslåinga skal fysisk og formelt vere på plass 1. januar 2020.

I samband med denne samanslåinga skal den nye kommunen bygge ekom nett mellom Volda og Grodås. Teknologien som er valt, er fiberkabel. Det nye ekom-nettet skal stå ferdig og klart til bruk når kommunane skal slåast saman. Statens vegvesen (SVV) treng ekom-nett mellom tunnelane på strekninga. SVV har også rør på heile strekninga i dag, unntake gjennom Rotsethorntunnelen. Her vert det lagt ekstra rør som føringsveg i samband med oppgraderinga av tunnelen, som skal starte sommaren 2018 .

Framdrift: For å teste ut felles dataløysingar og vere operativ frå samanslåingsdatoen, bør sambandet vere etablert og sett i drift allereie 1. september 2019.

## 2. VANLEGE VILKÅR

- 2.1. SVV gjev VK løyve til å nytte rør på strekninga vederlagsfritt i 20 år. Avtalen blir automatisk forlenga på same vilkår. VK har rett til å forlenge avtalen i kabelen sin tekniske levetid eller fram til nettet eventuelt vert avvikla av VK.
- 2.2. Føresetnaden er at VK trekkjer 2 kablar i same rør på strekninga som SVV har rør og skal ha egen kabel, der kablane er eigd av kvar av partane.
- 2.3. Offentlig veggrunn i denne avtale omfatter riksveg.
- 2.4. Eventuelle skader som oppstår på offentlig veggrunn som følge av anleggsarbeidet skal straks meldast frå om til SVV og skal reparerast av VK for VK si rekning. Eventuelle reparasjoner skal godkjennast av SVV.
- 2.5. Ved planlagt arbeid som f.eks. vedlikehald og feilretting, skal partane varsle kvarandre min. 14 dagar før.

- 2.6. Veglova § 33 regulerer bruk av reklameskilt langs offentlig veg. Innafor avtaleområdet er det ikkje, for VK, entreprenør eller andre, lov til å sette opp reklameskilt utan løyve fra SVV.

### **3. FINANSIERING**

- 3.1. Kostnader knytt til bygging av kabelanlegget gjennom hovudtrasè, vert dekt av VK fullt ut.
- 3.2. SVV dekkjer sjølv kostnader med å bygge avgreining frå hovudtrasè til eigne matepunkt i nettet.
- 3.3. VK trekkjer 2 kablar og finansierer begge to fult ut, der kablane blir og er eigd av kvar av partane.

### **4. MANGLAR OG REKLAMASJON**

- 4.1. Rør infrastrukturen skal i utgangspunktet vere «tolka» og dokumentert feilfri på strekninga. Ved feil på rør anlegget, må partane dekkje reparasjon av dette med like delar kvar.
- 4.2. Begge partar er ansvarleg for sine respektive anlegg vedkomande drift, vedlikehald og feilretting. Det gjeld både kostnader og arbeid. Dersom det oppstår feil på begge partar sine anlegg samstundes, skal eigar av ekom nett dekkje kostnader knytt til eige anlegg. Unnateke er dersom ein av partane har påført den andre part skader eller feil, grunna lite aktsemd eller på anna måte skada den andre part sitt anlegg grunna uhell. Då må den part som har påført skaden også dekkje kostnader for den skadelidne.
- 4.3. Det er mangel ved anlegget dersom anlegget ved overtakinga ikkje er i den stand som forutsatt i denne avtalen. Som mangel defineres også skade på anlegget som oppstår etter overtakinga, og som er ein nærliggande og påregnelig følge av den opprinnelige mangelen.
- 4.4. SVV vil tape sin rett til å gjere mangel gjeldande dersom ein ikkje seinast ved overtaking meldar frå om mangel som ein har eller burde ha oppdagat ved gjennomføringa av overtakinga. Mangelen skal førast i protokollen for overtaking eller i vedlegg til denne.
- 4.5. Uansett reklamasjons reglane (over) kan SVV gjere gjeldande mangel som har sin årsak i forsett eller grov aktsemd hos entreprenøren.

- 4.6. Skade og ulemper som oppstår som følge av anlegget eller anleggsarbeida, er VK sitt ansvar.

## 5. Ekom anlegget

- 5.1. Det skal byggast 2 separate ekom-anlegg som er fysisk separerte med 2 ulike kablar og skal ikkje blandast saman. Alle skøytar og tappepunkt skal vere separerte i form av eigne skøyteboksar og eigne kablar som er godt merka med eigar av infrastruktur.
- 5.2. Den totale lengda på VK sin fiberkabel (frå rådhus i Volda til kommunehus i Hornindal) i hovudtrasè er om lag 38000m. Lengda på SVV sin kabel i hovudtrasè er om lag 32500m
- 5.3. VK sitt ekom nett skal starte og stoppe i dei 2 respektive rådhusa og vert difor noko lenger enn SVV sitt nett. Der det ikkje er felles hovudtrasè eller VK ikkje får nytte SVV sin infrastruktur, gjeld ikkje denne avtalen. Dette er i endane av nettet (mellom Volda rådhus og til bru over Øyra elva, samt frå Hornindal kommunehus til Kvivsvegen). Volda kommune må søke om særskilt grave- og nærføringsløyve på desse strekningane.
- 5.4. SVV gjev opp kvar ein skal ha tappepunkt på vegen, og dekkjer sjølv kostnader med å bygge avgreining frå hovudtrasè til eigne matepunkt i nettet. Det same gjeld for VK. Dette gjeld og ved framtidig bruk (drift) og vedlikehald.
- 5.5. Anlegget til VK i hovudtrasè kan byggast med min. G48-fiber.
- 5.6. Anlegget til SVV i hovudtrasè skal byggast med min. G96-fiber.
- 5.7. SVV kvalitetssikrar deler av rør trasèen, det vil sei SVV sjekkar kva som går ut og inn av kummane. Då vil man sjå kva røyrdimensjonar som er ledige. Dette vil bli dokumentert med bilde. SVV kvalitetsjekkar ikkje røra som ligg mellom kummane. Samtidig vert det prosjektert og bygt, ekstra rør for fiber gjennom Rotsethorn tunellen.
- 5.8. VK hentar inn pris på bygging av anlegget. Målsettinga er oppstart og bygging av trasè vinteren/våren 2019.
- 5.9. SVV skal godkjenne ledningsplan (byggeplan) før arbeidet starter.
- 5.10. Før arbeidet kan starte, skal Utbygger sørge for å ha på plass godkjent arbeidsvarslingsplan, graveløyve og sikker jobbanalyse frå Statens vegvesen. VK skal skriftlig melde til Statens vegvesen navnet på skiltansvarlig person med entreprenør.
- 5.11. Anleggsarbeidet skal foregå på en måte som ikkje hindrer trafikken i området unødig.
- 5.12. VK skal oversende framdriftsplan til SVV før entreprenøren starter arbeidet.
- 5.13. SVV har rett til, til ei kvar tid å utføre kontroll av arbeidet på anleggsstedet. Slike kontroller fritar ikke VK for sitt ansvar etter denne avtalen.
- 5.14. Kontroll som er naudsnyt på grunn av feil utførelse, slurv eller grove feil, vil bli fakturert VK.

- 5.15. Dersom det er aktuelt å samkjøre kommunaltekniske anlegg, kabelanlegg, fjernvarmeledning, spillvannsledning og m.m. skal det skje etter detaljert ledningsplan som skal godkjennast av SVV før anlegget blir starta. VK dekker alle kostnader knytt til slike arbeid.
- 5.16. Dersom VK kjem i kontakt med «kjente og ukjente» offentlige/private ledninger, herunder elektriske ledninger, vann- og avløpsledninger, er det VK sitt ansvar å sørge for og dekke eventuelle naudsynte omlegginger/tilpasninger.
- 5.17. Begge partar står fritt til å nytte eige anlegg til det ein måtte finne tenleg. Denne avtalen gjev ingen av partane rett til å nytte den andre part sitt ekom nett etter at anlegget er ferdig. Det må i så fall drøftast fram eigen avtale for dette i ettertid/når behovet måtte kome.
- 5.18. Partane har ikkje rett til å overdra rettar og plikter i samsvar med denne avtalen utan skriftlig samtykke frå den andre parten.

## 6. TVISTER

- 6.1. Avtalepartene skal søke å løyse eventuelle konflikter fortløpende. Eventuelle tvister knyttet til denne avtalen skal avgjøres ved dei ordinære domstolene.
- 6.2. Sunnmøre tingrett er verneting for denne avtalen.

## 7. UTSKRIVING OG SIGNATUR

Denne avtalen er utskreve og underskreve i 2 – to – eksemplarer, der partene har kvart sitt.

For: Volda kommune

For: Statens vegvesen Region Midt

Dato:

Dato:

Sign: \_\_\_\_\_

Sign: \_\_\_\_\_



STIFTELSEN TELEMARKSFORSKING

Postboks 4  
3833 BØ I TELEMARK

Saksnr 2017/2063	Løpenr. 16875/2018	Arkiv 001	Saksansvarleg BARDSETH	Dato 13.12.2018
---------------------	-----------------------	--------------	---------------------------	--------------------

**KONKURRANSE - ØKONOMISK UTGREIING - GRENSEJUSTERING MELLOM VOLDA OG ØRSTA KOMMUNER**

I samband med endring av grenser mellom nye Volda kommune og Ørsta kommune ber Ørsta kommune om at det vert levert tilbod på økonomisk utgreiing i samband med grensejustering mellom kommunene.

Det er Bjørke og Viddal grunnkrins som vert flytta frå Ørsta kommune til Volda kommune.

Som det går fram skal tilbod vere levert innan 15. januar kl. 11.00. Avgjerd om kven som får oppdraget vert gjort så raskt som mogeleg etter at tilboda er vurdert.

Skulle det vere spørsmål ber vi om at det vert sendt til Ørsta kommune på denne epostadressa: [eldar.oye@orsta.kommune.no](mailto:eldar.oye@orsta.kommune.no).

Med helsing

Eldar Rune Øye  
assisterende rådmann

Arnstein Nupen  
jurist

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg:  
Konkurransegrunnlag  
Vedtak om grenseregulering fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 2. juli 2018  
Prosjektskisse av 30.10.2018  
Brev fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal til KMD av 23.03.2018 med innstilling  
Vedlegg til brev av 23.03.2018:  
Utgreiing og tilråding fra Fylkesmannen  
Faktagrunnlag og uttale og svar på høyring fra nye Volda, Ørsta kommune m. fl.

Kopi til:  
VOLDA KOMMUNE      Stormyra 2      6100      VOLDA  
HORNINDAL KOMMUNE      Postboks 24      6761      HORNINDAL

## **Konkurransegrunnlag**

**Økonomisk utgreiing i samband med grensejustering der Bjørke og Viddal grunnkrets frå 01.01.20 vert overført frå Ørsta kommune til nye Volda kommune.**

**Oppdragsgjevar:**

Ørsta kommune

Kommunesamanslåingsprosjektet nye Volda

## **1. Bakgrunn for oppdraget**

KMD har den 02.07.18 fatta vedtak om grensejustering av Bjørke og Viddal grunnkrets frå Ørsta kommune til nye Volda kommune med verknad frå 01.01.20. Frå same tidspunkt vert Hornindal og Volda kommunar slått saman til nye Volda kommune.

Det følgjer av inndelingslova at det ved grensejusteringar skal gjennomførast eit økonomisk oppgjer. Reglane for dette finst i inndelingslova kap 5.

Kommunane har som intensjon å inngå ei avtale om overføring av eigedomar og oppgjer for desse etter inndelingslova § 19. Kommunane er samde om at fylkesmannen hjelper til med å framforhandle avtalen.

Ørsta kommune har varsla at kommunen vil søkje erstatning frå Volda kommune etter inndelingslova § 21. Dette inneber ein gjennomgang av kommunane sine inntekter gjennom inntektssystemet og totale inntekter og utgifter før og etter grensejusteringa.

## **2. Informasjon til tilbydar**

### **Oppdragsgjevar.**

Prosjektorganisasjonen Nye Volda kommune og Ørsta kommune.

### **Kontaktpersonar**

Rådmann i Ørsta: Wenche Solheim

Rådmann i Volda og prosjekteiar for nye Volda: Rune Sjurgard

Rådmann i Hornindal: Ann Kristin Langeland

### **Fristar**

Siste frist for mottak av tilbodet er 15. januar 2019 kl. 11.00

Tilbydarar som leverer etter tidsfristen vert avvist.

Tilbydar har sjølv risiko for at tilbodet kjem fram innan fristen.

Tilbodet skal leverast til Ørsta kommune, Dalevegen 6, 6153 Ørsta

Tilbodet skal merkast; Utgreiing grensejustering Bjørke og Viddal

Tildeling av kontrakt;

- Kontrakt er planlagt inngått kort etter levering av tilbod.

**Presentasjon av ferdig rapport innan 1. juli 2019**

## **Format/struktur**

Følgjande dokumentasjon skal inkluderast i tilbodet:

- Tilbodsskjema
- Kompetanse
- Referanse frå tilsvarende arbeid

Tilbodsdocumentasjon skal leverast komplett, ein kopi i elektronisk format og ein kopi i papirformat. Systematiseringa i den elektroniske og papirversjonen skal vere den same.

Tilbodet skal tydeleg merkast med:

- Selskapet sitt namn
- Postadresse/Leveringsadresse/Besøksadresse
- Kontaktperson; Namn, Telefon, E-postadresse

### **3. Omfanget av oppdraget**

Oppdraget tek utgangspunkt i KMD sitt vedtak 02.07.18 og handlar om utarbeiding av økonomisk oppstilling/verknad av grensejustering mellom Ørsta og nye Volda kommune. Formålet med oppdraget er å få fram eit så fullstendig som mogleg faktagrunnlag som viser kommunane sin totale økonomi, herunder kommunane sine samla inntekts- og utgiftsendringar som følgje av grensejusteringa. Dette skal vere eit objektivt faktagrunnlag for at partane skal kunne vurdere vesentlegheitsgraden i inndelingslova kapittel V i samband med ev erstatning ved grensejustering.

Oppdraget er forankra i inndelingslova kapittel V. Tvil om ev tolking av oppdraget ut frå lovgevinga skal avklarast med fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Oppdragstakar har ansvar for å registrere, skaffe fram dokumentasjon og gjere kvalifiserte utrekningar av nivået på inntekter og utgifter. Dette gjeld td inntekter frå konsesjonskraft, konsekjonsavgift, naturressursskatt, eigedomsskatt på kraftanlegg og andre inntekter utanom inntektssystemet for å fastsetje kommunen sin totaløkonomi.

Dersom partane har ulikt syn på faktagrunnlaget som skal inngå i oppgjeret etter § 19, skal tilbydar gjere utgreiing av verdi/gjeld som grunnlag for oppgjeret. Dette skal prisast som opsjon.

Administrasjonen i dei tre kommunane Ørsta, Volda og Hornindal er pressa på kapasitet, og firmaet må vere innstilt på at analysen i hovudsak bør byggje på offentleg tilgjengelege data.

#### **4. Tildelingskriterier**

Anskaffelsen vert gjennomført i etter lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del II.

Etter at tilbod er motteke vert det vurdert om leverandørane tilfredsstiller kvalifiseringskriteria i konkurransegrunnlaget. Dei leverandørane som ikkje tilfredsstiller kvalifiseringskriteria vil ikkje kome med vidare i konkurransen.

Det vil verte gjort ei evaluering av tilboda til dei leverandørane som vert kvalifisert. Ved denne kjøpsforma, kan det ikkje gjennomførast forhandlingar om tilboda. Det kan berre gjennomførast samtalar for å oppklara ev. uklarheiter eller for å få tilleggsinformasjon.

Tildeling av kontrakt vil skje på grunnlag av det mest fordelaktige tilbodet, der det er teke omsyn til følgjande kriterium:

- ✓ Tilbydd pris 30 %
- ✓ Kompetanse og røynsle frå tilsvarende oppdrag (referanseoppdrag) 70%

#### **5. Modell for prising og firmadokumentasjon**

Avtale: Vi bed om pris for gjennomføring av oppdraget. Alle leveransar skal vere prisa. I tilbodet må det ligge eit anslag på timebruk, inkludert reise og opphold. Tilbodet må inkludere omtale av metode og omfang av analyser som er tenkt gjennomført.

##### **Timepris**

Det skal og gjevast timepris for arbeid utanom avtale. Meirverdiavgift skal vere spesifisert i tilbodet.

##### **Opsjon**

Opsjon skal prisast særskilt.

##### **Betalingsvilkår**

Fri fakturamånad + 30 dagar, faktura skal ikkje innehalde noko form for gebyr eller tillegg.

##### **Krav til kompetanse**

Tilsette har dokumentert høgare utdanning innan relevante fagfelt og god kompetanse innanfor kommunal økonomi.

##### **Kvalitetsikringssystem**

Tilbydar skal gjere greie for sitt kvalitetssikringssystem i verksemda.

## **HMS**

Tilbydar skal gjere greie for sitt HMS-system i verksemda.

## **Firmapresentasjon**

Det skal gjerast greie for leverandøren si selskapsform og eigarstruktur, namn på dagleg leiar, fagområde som firmaet dekkjer. Firmaattest skal leggast ved.

## **Erstatningssaker/tvisteforhold med tidligare oppdragsgjevarar**

Kort informasjon om eventuelle erstatningssaker og tvisteforhold med tidligare oppdragsgjevarar som har enda i forliksråd, ordinære domstolar elled voldgiftsretten i løpet at dei siste 3 år.

Namn på oppdragsgjevar, årsak og resultat av konfliktar.

## **Skatteattestar**

Attestar som stadfestar at leverandøren har oppfylt sine plikter m.o.t betaling av trygdeavgifter, skatt og avgift i samsvar med lovgjeving.

## **Rekneskap**

Det skal leggjast ved kopi av rekneskap for siste 3 år.

## **Atterhald**

Oppdragsgjevar tek etterhald om rett til å avlyse konkurransen dersom sakleg grunn, jf. Lov om offentlige anskaffingar og tilhøyrande forskrift, ligg føre.

## **Oppstartmøte**

Oppdragsgjevarane vil leggje opp til eit oppstartmøte for å gå gjennom oppdraget.

Vedlegg:

KMD vedtak

Fylkesmannen si innstilling til KMD

Kommunane sine vedtak og saksutgreiling m/vedlegg

Prosjektskisse for grensejustering Bjørke-Viddal, datert 30.10.18